



iModalen
jordnær og magisk

Kartlegging 2022 - Ved Klar Bedrift AS



Foto: Britt Farestveit

OPPDRAGET

- Oppdragsgjevar Liv-Anne Aanesen, styreleiar og dagleg leiar i selskapet iModalen As
- Målet med etableringa av iModalen AS er å få fleire gjester til Modalen og skapa grunnlag for berekraftige arbeidsplassar innan reiselivet.
- Oppdragsbeskrivelse: Sjå på selskapet iModalen frå ein ekstern ståstad, ift organisering, innhald, arbeidsform osv.
- Resultatet av arbeidet vil bli nytta av styret som ein del av beslutningsgrunnlaget når ein skal avgjera vegen vidare for iModalen, våren 2023
- Arbeidet er gjennomført av næringshagen Klar Bedrift AS
- Oppstart uke 40 – presentasjon av sluttrapport i uke 51. Rapportering i uke 43, 44 og 48

ARBEIDSFORM

- Gjennomgang av planar
- Gjennomført samtalar
- Oppstarts- og statusmøter
- Skissert mogeleg retning jmfr oppdraget
- Gjennomført arbeidsøkt på årsmøtet
- Skissert scenario

PLANAR OG RAPPORTAR SOM ER GJENNOMGÅTT

- Sluttrapport for det 3 årige LivOGLyst prosjektet i Modalen
- Forprosjekt for Modalen Reiselivsgruppe (2017)
- Strategisk næringsplan Modalen kommune (2017-2021)
- Strategisk plan Osterfjord Næringsssamarbeid
- Næringsutvikling i Modalen kommune (2021)
- Temaplan reiseliv i Vestland (2023-2025)
- Tiltaksplan for reiseliv i Vestland (2022)
- Årsmelding frå styret 2021 iModalen AS

ANNA BAKGRUNNSDOKUMENTASJON

- «Den Gyldne Omvei» - presentasjon på reiselivskonferanse 2021, kjelde: www.klarbedrift.no/aktiviteter-og-tiltak
- Besøksforvaltning: Korleis kan reiseliv være ein positiv drivar for berekraftig samfunnsutvikling? Vestland fylkeskommune – presentasjon på reiselivskonferanse 2021, kjelde: www.klarbedrift.no/aktiviteter-og-tiltak
- Nettsider: iModalen og Osterfjord Næringsssamarbeid

SAMTALAR

- Solund Active – Tom Erling Bahus
- Ulvik Herad – Mona Haugland Hellesnes, nærings- og reiselivssjef
- Vestland fylkeskommune – Marta Rongved, seniorrådgjevar reiseliv
- Osterfjord Nærings samarbeid – Åse Nilssen, sekretær inærings samarbeidet
- Modalen kommune – Tonje Husum Aarland, Assisterande rådmann i Modalen
- Modalen Næringsbygg AS - Harald Kjensli, styreleiar
- Osterøy Utvikling AS - Tobby Sander, dagleg leiar
- iModalen AS - Lars Patterson, Bjørn Eikefet og Simiona Arnesen, styremedlemar
- iModalen AS – Liv-Anne Aanesen, styreleiar og dagleg leiar

MØTER

- Oppstarts- og statusmøter med Liv – Anne Aanesen:
 - 28.09. oppstartsmøte
 - 26.10. og 29.11. statusmøter
- Telefonmøter gjennom prosjektperioden
- Workshop
 - årsmøte for iModalen 29.11.

REFLEKSJONAR

- Reiselivet er i endring, til dels stor endring – frå masseturisme til baseturisten
- Det handlar meir og meir om besøksforvaltning
- Reisemålsutvikling er på mange vis lokalsamfunnsutvikling
- Arbeid med reiseliv vert organisert på ulike måtar
- Eit fragmentert arbeid med reiseliv kan vera utfordrande
- Det er mange aktørar som arbeider med reiselivsspørsmål lokalt og regionalt
- Godt samarbeid og gode produkt er svært viktig for at ein skal lukkast som destinasjon
- Modalen har potensiale, de har tradisjonar og visjonar. Og de har ein positiv kommune. Det inneber mogelegheiter.

RETNING

- iModalen – ein aktiv medspelar
- Utgangspunkt – planlagt arbeid med revidering av strategisk næringsplan
- Som førebuing – finn svara på fylgjande spørsmål:
 - Kva er iModalen?
 - Kva ynskjer vi å vera?
 - Kva treng vi for å bli det vi ynskjer å vera?

Resultat: eit styrka iModalen AS dersom ein finn gode løysingar med kommunen og andre samarbeidspartnarar lokalt og regionalt

ÅRSMØTE I IMODALEN - ARBEIDSØKT

Stikkord frå gruppearbeidet

Kva er iModalen i dag?

- Gruppe med reiselivsaktørar som har ein finger i reiselivsbransjen
- Reiseliv
- Gruppe med forskjellige aktørar
- Samarbeid
- Guida turar, pensjonatet, Pøylø, Nese Media, Butikk
- Fellesskap
- Reiselivsorientert organisasjon
- Nettverk av reiselivsaktørar som kan tilby mange ulike aktivitetar og opplevingar
- Hovedbase geografisk til Modalen, men ikkje bunden til Modalen, åpne for andre
- Samling av aktørar innan reiseliv og aktivitetar
- Informasjonsportal for innbyggjarar og tilreisande – retning reiseliv

ÅRSMØTE I IMODALEN-ARBEIDSØKT

Kva ynskjer vi at iModalen skal vera?

- Ta seg av det administrative slik at vi kan levere innhald til gjestene
- Koordinator
- Synlighet
- Invitere nye aktørar inn
- Pådrivar for å utvikle meir turisme i Modalen
- Ei gruppe som kan skapa trivsel og aktivitetar i lokalsamfunnet
- Kurstilbod
- Kanskje skapa nokre arbeidsplassar
- Samarbeid
- Fristande tilbod
- Stoltheit
- Utadvendt og inkluderande
- Utviklande

ÅRSMØTE I IMODALEN-ARBEIDSØKT

Kva ynskjer vi at iModalen skal vera?

- Hub for aktivitetar og reiselivstilbod
- Informasjonskanal
- Felles kanal for reiseliv og produkt
- Pakketering
- Hjelp dersom nokon vil starta opp med eit nytt produkt
- Formidlings-/infokanal til innbyggjarar
- Ein ressurs i bygda, for nye og gamle medlemar
- Pakketilbod
- Kjent reiselivsaktør med eit godt og stabilt tilbod
- Godt og tett samarbeid/pakketering
- Hjelpa nye aktørar

ÅRSMØTE I IMODALEN-ARBEIDSØKT

Kva tiltak må ein setja i verk for å utvikla iModalen til det ein ynskjer at det skal vera?

- Tett samspel mellom aktørane og Modalen kommune
- Synleggjere kva vi har å tilby for å utvikla Modalen som eit godt lokalsamfunn
- Modalen som stad å bu
- Finne samarbeidspartnarar
- 50% stilling kommunalt finansiert
- Få kvalifiserte søkjarar
- Kommunen må vera villig til å satsa på næringslivet
- Pakketering
- Pakker, tilbod, tenester
- Ansvarleg frå kommunen
- Økonomi
- Må ha tilsett som driv organisasjonen
- Få organisert det slik at ein kan ha eit pakketilbod
- Marknadsføre kvalitetane utenfor Modalen, få fleire aktørar inn frå f.eks. Eksingedalen, Eidslandet osv.
- Gjera arbeidet til iModalen betre kjent, både innad i bygda og utover, om kva som skjer og korleis iModalen jobbar
- Finne ut korleis ein kan engasjere andre enn dei som er med i styret eller har prosjekt

STRUKTUR

Vi meiner det vil vera utfordrande å finansiera ein stilling i selskapet basert på medlemskapsavgifter, provisjon o.l. Og dersom arbeidet i selskapet skal drivast primært på dugnad, vil det kunne innebera utfordringar ift fordeling av innsats, val av satsingsområder osv.

Difor er det viktig å sjå på alternative løysingar for val av struktur og organisering av selskapet.

Med noverande organisering er dagleg leiar også styreleiar og leverandør av produkt. Engasjementet som dagleg leiar går ut desember 2022. Det kan vera hensiktsmessig at ein vurderer ekstern styreleiar, med lokal kjennskap og fokus på lokal samfunnsutvikling, ved neste val.

Næringslivet i kommunen er ikkje så stort. Struktur og innsats på reiselivsutvikling må sjåast på med bakgrunn i det. Til tross for at reiselivet ikkje er ei stor næring i kommunen, signaliserer kommunen at ein ynskjer å satsa på reiselivet. Å delta i revideringa av strategisk næringsplan for Modalen kommune og bidra med innspel, vil vera ei viktig oppgåve for selskapet slik vi ser det.

Å ha ein struktur prega av mange små aktørar innan reiselivet, kan vera ein krevande måte å nytta ressursane på. Difor meiner vi at det bør samarbeidast tett med resten av regionen i utviklinga av Modalen som reisemål.

STRUKTUR

Det blir stilt store krav til næringslivet og ikkje minst til reiselivet ift berekraft og besøksforvaltning. Det inneber behov for råd og rettleiing til selskapa som skal konkurrera om turistane, både frå inn – og utland. Dette krev ressursar og kompetanse. Inngåande kunnskap om dette treng ein ikkje å ha i selskapet, men ein må ha ressursar slik at ein kan skaffa seg den frå eksterne aktørar skal ein vera konkurransedyktig reiselivsaktør.

For å nytta ressursane godt og utvikla tilbod som marknaden finn interessant, er det av stor verdi å koma fram til kva gjester, dvs målgrupper, ein ynskjer skal koma til Modalen. Utvikling av reisemål er, på eit vis, samspel mellom næringsliv, kommune og innbyggjarane. Dei som bur og arbeider på staden. Reisemålsutvikling er lokalsamfunnsutvikling. Vi trur difor at å leggja til rette for involvering i ein slik prosess, er positivt.

SCENARIO 1

Innhald

Styrka satsinga på iModalen som reiselivsselskap med utgangspunkt i noverande struktur med ein tilsett.

iModalen er leverandør av tenester til Modalen kommune. Døme på tenester: drifte turistinformasjonen,prosjektleia Modalsdagane evt. andre reiselivsrelaterte arrangement, representera kommunen inn i grupper på lokalt og regionalt nivå som t.d. reiselivsgruppa i Nordhordland og Osterfjorden Næringssamarbeid. Vera kontaktpunkt ift avtalen som Modalen kommune har med Visit Bergen, arrangera kurs og laga møteplassar for næringslivet. Arbeida med produktutvikling saman med reiselivsbedriftene og nyetablerarar. Vera ein rådgjevar ift berekraft og miljøsertifisering. Ha ansvaret for kommunen sin informasjon om reiselivstilbod i kommunen. Initiere reiselivsrelaterte marknadsundersøkingar. Oppgåver knytt til samfunnsutvikling.

iModalen har kontorplass i Flodmaal, eller ein annan stad i sentrum. Det kan bli eit kontaktpunkt for reiselivsaktørane der ein og har kort veg til kommunen sine tenster.

iModalen vil framleis vera eit selskap med hovudfokus på Modalen og stadene i nærleiken til bygda, som Eksingedalen og Eidslandet.

SCENARIO 1 FORTS.

Ein arbeider for å rekruttera nye medlemmer til selskapet også frå områda rundt Modalen.

Organisering

Ein tilsett på 50 %. Faste møter for medlemsbedriftene. Selskapet etablerer ein struktur dvs får på plass eit rammeverk som regulerer medlemskapet i selskapet. I tillegg vurderer ein å ha retningslinjer og utarbeidde prosessar for opptak av nye medlemmer.

Oppstart våren 2023.

Finansiering

Sal av tenester til kommunen, ref skisserte oppgåver. Auka medlemsavgifta for medlemskapet i selskapet. Søkja på relevante regionale prosjektmidlar.

SCENARIO 2

Innhald

Styrka iModalen med eit meir formalisert og tettare samarbeid med Vaksdal og Osterøy ved å vidareutvikla Osterfjorden Nærings samarbeid. Modalen kommune er med i dette samarbeidet.

Døme: Samarbeida om kompetanse og ressursar til leiing av arbeidet med utvikling av reiselivet i Modalen. Samarbeida om aktivitetar som Modalsdagar, Daledagar, produktutvikling osv.

På sikt vurderer om eit felles «reiselivsselskap» etter modell frå «Book Hardanger» kan vera ein aktuell modell.

Organisering og arbeidsform

Eit arbeidande styre for iModalen blir kontaktpunkt for ekstern prosjektleiar av fellesprosjektet og medlemene i iModalen.

Etablerer ein struktur dvs få på plass eit rammeverk som regulerer medlemskapet i selskapet. I tillegg bør ein vurderer å ha retningslinjer og utarbeida prosessar for opptak av nye medlemar.

SCENARIO 2 FORTS.

Utfordringa med ei slik organisering vil kunna vera at ein reduserer den lokale forankringa/samarbeidet, i motsetnad til scenario nr 1.

Dette vil ikkje vera ein modell for fast drift, men ei vidareføring av arbeidet som er starta for å forankra det meir og bidra til fokus og innsats ift utvikling av reiselivet.

Dialogen om eit mogleg utvida samarbeid med Osterfjorden Næringsssamarbeid kan starta våren 2023.

Finansiering

Auka medlemsavgifta for medlemskapet i selskapet. Søkja på relevante regionale midlar. Søkja kommunen om midlar til finansiering av ekstern leiar av fellesprosjektet.

SCENARIO 3

Reisemålsutvikling

iModalen tek initiativ til eit systematisk arbeid for ei heilheitleg utvikling av Modalen, Eksingedalen og Eidslandet som reisemål.

iModalen vil vera ein aktiv medspelar i prosjektet der vi foreslår at Modalen kommune er prosjekteigar.

Dette vil vera ei større satsing på utvikling av destinasjonen.

Organisering og arbeidsform

Ein kan vurdera bruk av ekstern fasilitator i samarbeid med ressursar frå iModalen og Modalen kommune. Styret vil vera ein naturleg part frå iModalen si side.

Resultata frå prosessen kan nyttast av iModalen til å leggja strategiar og planar for vidare utvikling og drift av selskapet.

SCENARIO 3 FORTS.

Arbeidet kan startast t.d. våren 2023.

Finansiering

Søkja Modalen kommune om midlar frå næringsfondet til planlegging og gjennomføring av prosjektet.

SCENARIO 4

iModalen byggjer vidare på «Cruise & Hike», slik at dette blir eit etablert produkt som er «oppe og går» fullt og heilt frå 2023.

Ein tek produktet frå pilotfase til driftsfase, i samarbeid med partnerane i konseptet, utviklar ein marknadsstrategi og ei god bookingløysing samt system for betaling. Strukturen bør vera slik at konseptet også kan supplerast med nye tilbod. Avtala marknadsføring med Visit Bergen og evt andre, gjennomføra visningsturar.

Dette er eit konsept med potensiale og ei god marknadsføring av Modalen, slik vi vurderer det. Neste steg kan vera utvikling eller pakketering av fleire tilbod t.d. innan mat, aktivitetar, overnatting, oppleving og transport. Fleire tilbod vil innebera moglegheiter for fleire tilbydarar, fleire «kasseapparat». iModalen administrerer produktet på vegne av fleire aktørar.

Erfaringar frå arbeidet med «Cruise & Hike» kan ein bidra med inn i kommunen si revidering av strategisk næringsplan.

Organisering og arbeidsform

iModalen fortset som no.

SCENARIO 4 FORTS.

Ein har ein fast møtestruktur i selskapet og faste møter med kommunen.

Etablera ein struktur dvs få på plass eit rammeverk som regulerer medlemskapet i selskapet. I tillegg bør ein vurderer å ha retningslinjer og utarbeida prosessar for opptak av nye medlemmer.

Tidsplan

Tidleg 2023, byggja vidare på den kunnskapen og dei avtalane ein allereie har.

Finansiering

Søkja midlar frå næringsfondet til vidareutvikling av produktet, dvs pakketering med fleire tilbydarar. Auka medlemsbetalinga i iModalen.

SCENARIO 5

Utvikla selskapet iModalen vidare i samarbeid med Modalen Næringsbygg.

Modalen Næringsbygg er eigd av Modalen kommune, 93,6%, og Eviny, 6,4%.

Vedtektsfesta formål: «Næringsverksemd basert på oppføring og utleige av bygg og anlegg, samt annan liknande aktivitet»

Kjelde: Modalen Næringsbygg AS Vurdering av driftsform 2021.

Mobryggja, rorbuene og kaiområdet er fasilitetar som er nært knytt opp til reiselivet.

For å sjå nærare på potensiale for samarbeid mellom iModalen og Modalen Næringsbygg, kan eit forprosjekt vera hensiktsmessig.

Dette kan evt. drøftast våren 2023.

OPPSUMMERING

Vi meiner at reiselivsselskapet iModalen AS i framtida vil kunne ha ei sentral rolle som pådrivar og kontaktpunkt for lokalt reiseliv. Produktet Cruise & Hike bidrar til å setja Modalen på kartet og byggja eit positivt omdøme. Satsinga kan gje grobotn for utvikling av fleire nye tilbod. Det tar tid å byggja eit godt omdøme. Difor meiner vi det er ein god strategi å byggja vidare på det arbeidet som er starta i prosjektet, i tillegg til å vidareutvikla tilboda til turistar som kjem sjøvegen til Modalen.

Nokre områder for selskapet iModalen å sjå nærare på:

- Sikra nok ressursar til selskapet, dvs personar og kapital
- Rekruttera nye aktive medlemsbedrifter og invitera relevante reiselivsbedrifter frå områda rundt Modalen
- Formalisera medlemskapet i iModalen og prosessen ift opptak av nye bedrifter. Dette for å bidra til at ein rekrutterer bedrifter som er engasjerte aktørar inn i fellesskapet
- Avtala ein struktur på samarbeidet mellom Modalen kommune og iModalen AS. Og såleis bidra til at ein har kjennskap til kvarandre sine planar og prosjekt innan utvikling av reiselivet.
- Utarbeida tydelege strategiar for selskapet. Det vil kunne bidra til å setja retning for utarbeiding av planar for iModalen sine aktivitetar framover.



klar
bedrift

klarbedrift.no

post@klarbedrift.no

Sissel Kristin Bjørkhaug
Prosjektleder

Tlf. 918 56 863

Veronica Haveland
Dagleg leder

Tlf. 450 02 969



Klar Bedrift AS

Sløvågen 2, 5960 Dalsøyra